

Innspel budsjett 2026 – frå Amalie Havåg

Vil starte med å seie at eg ikkje er direkte overraska over kommuna sin uttalelse, om behov for endring av skulestruktur, og at ein barneskule i kommuna vil bli nedlagt til skulestart 2026. Enten Hjørungavåg eller Bigset barneskule. Dette har vi vore borti før, rundt dei tider eldstejenta mi skulle begynne i 1.klasse ved Hjørungavåg skule.

Heldigvis for datra mi vart dette avverga, og ho har no fullført 7 år på ein fin og trygg barneskule. Ein skule liten nok til at alle blir sett, men stor nok til at alle har ein sjanse til å finne seg ein venn eller fleire i nærmiljøet.

Men at nedlegging nok ein gong blir tatt opp som ein måte å spare pengar på, provoserer kraftig. For det kommuna har spart på Hjørungavåg skule i åresvis allereide, kan ikkje målast i pengar.

FAU, ansatte, store og små, har gjort ein uvurderlig innsats i fleire år, for å vedlikeholde skulen, oppgradere skulen både inne og ute, og til og med å halde hjula i gang. Foreldre stiller med transport til svømmetimar og ymse andre tilstelningar, sånn at elevane har ein sjanse til å bli med. Vi har også hatt messer og loppemarked til inntekt for utstyr og oppgradering som skulen har behov for. Det er direkte flaut, og eg vil tørre å påstå at kommuna har utnytta dugnadsanda til bygdefolket berre meir og meir med åra.

Eg håper for alle borna i Hjørungavåg sin del, både no og i framtida, at skulen består i lange tider framover. Syns faktisk kommuna skuldar bygda dette.

Vi har som sagt teke godt vare på skulen for kommuna. Kvifor? Fordi den er ein enormt viktig arena for både store og små her i bygda. Skulen er av eldre årgang - litt slitt, men likevel i god stand. Lærarstaben er stabil og svært gode samarbeidspartnarar med hjartet på rette staden. Dei er sikkert like gode i sentrumsskulen, men for oss er det heilt likegyldig i denne sammenhengen.

Vi har naturen som leikeplass og læringsarena. Speidarskogen, krabbedammen, hjørungdalsvatnet, og mange fleire stader som ungane våre får besøke minst ein gong i veka på utedagane sine. Uteplassen ved skulen har vi heilt nylig gitt ei total oppgradering.

Vi har Hjørungavåg idrettslag, speidaren, barnetrimmen, skulekorpset, og sikkert meir som eg ikkje har nemnt. Dette kjem kommuna til å strupe hvis nedlegginga blir eit faktum. Nærbutikken står vel også i faresona.

Eg føler meg heilt sikker på at kostnaden ved å legge ned ein så stabil og brukbar skule i realiteten blir stor, og at det er mykje som manglar i det reknestykket kommuna viser til. Jo lenger Hjørungavågskulen blir drifta, jo større er fortjenesten i mine auge. For det er lite som er bedre enn å ta vare på det ein faktisk har. Tenk kor bra skulen er, til tross for sine 70 år. Så gløym brakkeriggane i sentrum, og denne "brannsløkkinga" de no driv med i kommuna, og send heller nokre sentrumsbarn til Hjørungavåg hvis det blir trongt om plassen. For vi har sikkert rom for fleire!

Og det aller verste oppi alt dette, er at vi med ei nedlegging tar frå borna våre muligheita til å kytte band med naboane og sambygdingane sine. Dette har vi tilflyttarar fått merke når det også manglar ein barnehage i området. Det kan gå 5-6 år av eit barns første levetid, før ein blir skikkelig kjent med sine jamnaldringar og sambygdingar. Så ein risikerer å måtte vente heilt til 1. klasse før ein finn det nettverket en så gjerne vil ha til å begynne med. Men no er Hareid kommune i ferd med å ta knekken på den muligheita også.

Hugs kva det så svært blei nevnt på årets Hareidsstemna, og som vi alle var skjønt einige i: "Det krevst ein heil landsby for å oppdra eit barn". Men denne landsbyen er dokke som sagt i ferd med å øydelegge.

Lat bygda vår leve.

Helsing tilflyttar i Hjørungavåg,
Amalie Havåg